

Tilrår ny handsaming av Kvammapakken

Hordaland Folkeblad - Publisert: 13.10.2009



Om lag 45 personar møtte fram på Sandven hotell for å drøfta Kvammapakken. Nesten alle signerte resolusjonen.

Foto: Sigbjørn Linga

Den vedtekne Kvammapakken er ikkje god nok, og heradsstyret bør ta saka opp til ny politisk handsaming.

Det meiner ei rekkje næringsdrivande i Kvam. 42 personar signerte i går kveld ein resolusjon som er send til politikarane, som møtest i ettermiddag.

Ifølgje resolusjonen er dei næringsdrivande uroa over følgjene av den vedtekne pakken. Dei fryktar mindre trafikk, redusert aktivitet og tap av arbeidsplassar.

I resolusjonen vert det kravd at heradsstyret vurderer å plassera bomstasjonar mellom Norheimsund og Øystese og mellom Norheimsund og Vikøy for å auka trafikkgrunnlaget og redusera takstane. Dei vedtekne stasjonane på Kjepso og i Steinsdalen er ikkje føreslegne flytta eller fjerna i resolusjonen.

Dei fleste som skreiv under resolusjonen, representerer verksemder i Norheimsund, i Steinsdalen og på Kvamskogen. Berre nokre få representantar frå Øystese var til stades, sjølv om invitasjonen gjekk til både Norheimsund, Øystese og Kvamskogen næringslag.